



HR-2018-1958-A – Spiralnekt-dommen

Innlegg av advokat Frode Lauareid (prosessfullmektig for Sauherad kommune)
på Evju-seminaret ved UiO den 13. november 2018

Kva problemstillingar vart reist?



Kva problemstillingar vart reist?

- Var det inngått ein bindande avtale om reservasjon?
- Er fastlegeregelverket slik å forstå at det er forbod mot avtalar om reservasjon?
- Kva følgjer av menneskerettslova?
- Kva er skyldkravet ved rettsvillfaring?

Kva Høgsterett sjølv seier om oppdraget sitt

«**Som den øvste domstolen** i landet skal Høgsterett sørgja for lik rettspraksis over heile landet, og avklara rettstilstanden der den kan vera uklår. Høgsterett har også eit ansvar for rettsutviklinga, innanfor den ramma som lovgjevinga set, der nye samfunnsproblem krev det. Saker som reiser prinsipielle spørsmål utover det konkrete saksforholdet, vil derfor ofte verta handsama.»

<https://www.domstol.no/nn-NO/Enkelt-domstol/noregs-hogsterett/Kort-om-Hogsterett/>

Kva er avklart?

Kva er framleis uklårt?



Om avtalen

- Faktum: Munnleg avtale om reservasjon inngått av tilsetjingsutvalet
- Kva er avklart?
 - Det er inngått ein gyldig avtale om reservasjon som er bindande for kommunen.
- Kva er framleis uklårt?
 - Kvifor denne avtalen ikkje er i strid med kompetansereglane i kommunelova
 - Avsnitt 30, jmf avsnitt 68.
 - Kva som er grunnlaget for at kommunen har avtalt seg bort frå styringsretten.
 - Gjort gjeldande, avsnitt 12, men ikkje drøfta.

Om fastlegeregelverket

- Faktum: Innført i 2000/2001. Nye forskrifter gjeldande frå 2013.
- Kva er avklart?
 - Ikkje heimel for reservasjonsforbod ved innføring av reservasjonsordninga i 2000
 - Avsnitt 41 om «pasientens behov»
 - Avsnitt 51 om ordlyd, førearbeid og forskriftsendring, jmf avsnitt 68
 - Ikkje heimel til å gripa inn i avtalar om reservasjon inngått før 2013
 - Avsnitt 73
- Kva er framleis uklårt?
 - Kva med dei legane som slutta grunna livssynet?
 - Har lovgjevar ikkje høve til å gripa inn i avtalar?
 - Den rettskjeldemessige vekta av etterarbeid

Om menneskerettane

- Faktum: Ikkje vurdert konkret. Obiter dictum
 - EMK art 9 om rett til livssyn
 - KK art 12 om rett til reproduktiv helse
 - EMK art 14 om forbod mot diskriminering
 - Avsnitt 90 om uttale om diskriminering av kvinner (CEDAW)
- Kva er avklart
 - Rett til reservasjon dersom det ikkje er umogleg eller urimeleg vanskeleg å få helsehjelp.
 - Avsnitt 85
- Kva er uklårt?
 - EMK gir rett til også å skifta livssyn. Er livssyn før 2012 meir verd enn livssyn etter?
 - Kva er urimeleg vanskeleg?
 - Kven avklarar EMK; Høgsterett eller Stortinget?

Om oppseiinga

- Faktum:
- "Avtale om allmennpraksis i fastlegeordning mellom Sauherad kommune og Katarzyna Jachimowicz sies opp, jf. ASA 4310 punkt 16. Oppsigelsen omfatter også avtale om kommunal deltidsstilling hjemlet i den individuelle avtalen om allmennlegepraksis i fastlegeordning. Oppsigelsen gjøres gjeldende fra 3. desember 2015.
- Oppsigelsen er begrunnet i at du ikke vil sette inn spiral på pasienter som ønsker dette. Sauherad kommune m€ner det å sette inn spiral er en del av de pliktene som følger av fastlegeavtalen og at en nektelse fra din side er et brudd på avtalepliktene, jf. også helse- og omsorgstjenesteloven med forskrifter. Bruddet vurderes å være så alvorlig at det kvalifiserer til oppsigelse."

Om oppseiinga

- Kva er avklart?
 - Avsnitt 72 og 73: Regelverket heimlar ikkje forbod mot reservasjonsrett, heller ikkje etter 2012-forskrifta.
 - Avsnitt 99: Ordlyden i oppseiinga har eit pønalt preg.
 - Objektivt erstatningsansvar. Viser i avsnitt 96 til aml § 15-12.
- Kva er uklårt?
 - Kva kan kommunen leggja vekt på ved tildeling av avtaleheimel?
 - Kan kommunane ta risikoen ved å stå opp for pasientane?
 - Kven skal sikra pasientane tilgang til helsetenester; fastlegen, kommunen eller staten?
 - Kven skal bera kostnadene ved reservasjonen; fastlegen eller kommunen?
 - Kva om ingen andre legar vil stilla opp?
 - Kva kan ein reservera seg mot?



Takk for ordet

